

Opplæringsavdelinga gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Hordaland fylkeskommune har ledig 5 stillingar som rådgjevar/spesialrådgjevar i 100 % prosjektstillingar som yrkesfagleg koordinator. Prosjektperioden er 2017 og 2018. Målet med prosjektet er at ein skal få fleire ut i lære.

Det vert knytt ein prosjektstilling til kvar av dei fem skulane som er med i prosjektet og arbeidsstad vert på Nye Voss vgs, Årstad vgs, Slåtthaug vgs, Sotra vgs og Stord vgs. Yrkesfagkoordinatoren vert tilsett på skulen og rapporterer til rektor. Stillingane kan verte omgjort til faste stillingar. Tilsetjings dato for stillingane er 01.06.2017

Yrkesfagleg koordinator skal gjennom systematisk arbeid knyte tettare kontakt mellom skulen og aktuelle bedrifter i regionen med tanke på utplassering av elevar, lærekontraktar og lærekandidatavtalar. Nært samarbeid med skulens leiing, lærarar i programfag og elevtenesta vil vera viktig i arbeidet. Yrkesfagleg koordinator skal vera kontaktperson mellom skule, bedrift og fagopplæringa.

Det vert lagt til rette for eit tett samarbeid mellom dei fem yrkesfaglege koordinatorane i fylkeskommunen i prosjektperioden saman med prosjektleiar på fagopplæringskontoret.

Søknad må sendast den enkelte skule.

### **Arbeidsoppgåver**

- Systematisere og utvikle samarbeidet bedrift - skule
- Oppsøkande informasjonsvirksomhet mot elevar og bedrifter.
- Knyte kontakt med aktuelle bedrifter i regionen
- Arbeide for å få fleire lærebedrifter og læreplassar i regionen
- I samarbeid med skulen legge til rette for å få elevar utplassert i bedrifter
- Formidle elevar til læreplass
- Støtte elevar i overgangen frå skule til læretid.
- Deltaking i prosjektgruppe leia av fagopplæringskontoret - få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.

### **Kvalifikasjonar**

- Relevant høgskule /universitet utdanning, på bachelornivå. Personlege eigenskapar for stillinga og særleg relevant erfaring kan kompensere noko for formell utdanning
- God kunnskap om vidaregåande opplæring i skule og bedrift
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Erfaring frå arbeid med unge
- Erfaring innanfor rettleiing og motivasjonsarbeid
- God IKT-kompetanse
- Den som skal tilsetjast i vidaregåande skule må leggje fram politiattest
- Alle nytilsetjingar i Hordaland Fylkeskommune vert gjort med ei prøvetid på 6 månader

### **Personlege eigenskapar**

- Gode samarbeidsevner
- Gode relasjons- og kommunikasjonsferdigheter
- Personen vi søker er utadvent, trygg og tydeleg
- Initiativrik
- Utviklingsorientert
- Fleksibel
- Strukturert og ansvarsbevisst

### **Vi tilbyr**

- Lønn og lønnsutvikling i tråd med Hordaland fylkeskommune sin lønnspolitikk.
- Gode pensjons- og låneordningar
- Godt fag- og arbeidsmiljø

#### **Andre opplysningar**

- Reiseaktivitet: Du må rekne med å måtte reise noko i samband med jobben og søkjar må disponere egen bil.